

# NETTLEIGEPRISAR PRIVATKUNDAR

## Gjeldande frå 01.04.2022

### Pris på nettleigeprodukt for hushald og fritidshushald

Kundegruppe	Fastledd (kr/år)	Energiledd (øre/kWh)		Effektledd (kr/kW/mnd)	
		Sommar	Vinter	Sommar	Vinter
Hovudsikring ≤ 80 Ampere	2 500	20,00	20,00		
Hovudsikring > 80 Ampere	5 000	20,00	20,00		
Sesongpris	2 500	11,00	29,00		
Årsforbruk > 100 000 kWh/år	10 000	5,00	7,10	21,25	50,00

Statleg påslag til Enova på 1,25 øre/kWh er inkl. i energiledd. I tillegg kjem statleg elavgift 19,26 øre/kWh. Alle prisar inkl. mva.

### Effektavrekning

Anlegg med årsforbruk over 100 000 kWh vert avrekna med effektledd. Vi har lågare pris på effekt- og energiledd om sommaren. Avrekningsgrunnlag for effektleddet er høgste timeforbruk på dagtid i vekedagane (høglasttid) i løpet av ein kalendermånad. Det kallar vi månadsmaks.

- Sommar : 1. april – 31. oktober
- Høglasttid : måndag – fredag kl. 06:00 – 22:59

### Sesongpris

Avtale om sesongpris gjeld hushald med større årleg forbruk enn 8 000 kWh. I avtalen er den variable prisen (energileddet) høgare om vinteren og lågare om sommaren. Kundar med lågare vinterforbruk enn gjennomsnittskunden kan oppnå lågare nettleige ved å inngå ei slik avtale.

- Sommar : 1. april – 31. oktober
- Vinter : 1. november – 31. mars

### Leveringsplikt

Nettkundar utan avtale om kraftleveranse frå ein ordinær kraftleverandør får kraft levert av sitt lokale nettselskap. Denne ordninga vert kalla leveringsplikt, og er berre rekna som ei mellombels ordning til du har skaffa deg ein kraftleverandør. Kraft frå leveringsplikt er difor dyrare enn frå ordinære kraftleverandørar. Pris inkl. påslag elsertifikat.

- Første 6 veker: Nord Pool Spotpris + 6,25 øre/kWh (inkl. mva)
- Etter 6 veker: Nord Pool Spotpris + 10,00 øre/kWh (inkl. mva)

### Tenester og gebyr

Stengegebyr er knytt til adresse, dvs. at eigar av fleire anlegg på same adresse får berre eitt gebyr.

- Stenging med montør: kr 2 250 inkl. mva
  - Opning utanfor ordinær arbeidstid: kr 2 250 inkl. mva
  - Oppmøte utan gjennomført stenging: kr 1 000 inkl. mva
- Fjernstenging: kr 1 000 inkl. mva
- Avlesingsgebyr målar utan kommunikasjon: kr 1 875 inkl. mva
- Deaktivere kommunikasjon på montert målar: kr 1 750 inkl. mva
- Målarkontroll hos kunde: kr 2 250 inkl. mva
- Målarkontroll i laboratorium: kr 5 000 inkl. mva
- Anleggskasse (pris per oppsetting/nedtaking): kr 2 250 inkl. mva